

# STRIKK HAUGE-SOKKEN!

Nasjonal strikkekonkurranse i samband med 250-årsmarkeringa for Hans Nielsen Hauge

Strikk eit originalt sokkepar og send det inn med di oppskrift. Kanskje din sokk blir årets flottaste Haguesokk?

Frist for innsending: 31.juli 2021

For meir informasjon om reglar og om sjølve konkurransen, sjå:

[www.haugesminde.no/haugestrikk](http://www.haugesminde.no/haugestrikk)

Sjå også: [www.haugesminde.no](http://www.haugesminde.no) for meir informasjon om Hauge-markeringa i 2021

Heimeside for Hillesvåg Ullvarefabrikk: [www.ull.no](http://www.ull.no)

**Kontaktperson: Hege-Therese Nilsen**

Husflidskonsulent i Hordaland

**E-post:**

[hordaland@husflid.no](mailto:hordaland@husflid.no)

**Mobil:**

992 36 034



Konkurransen er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Bymuseet i Bergen, Samarbeid Menighet og Misjon, Bjørgvin bispedøme, Hillesvåg Ullvarefabrikk og Kystmuseet i Øygarden m.fl. og er ein del av 250-års markeringa for Hans Nielsen Hauge sin fødsel.



## STRIKK HAUGE-SOKKEN!

Vi inviterer alle strikkeglade til å delta i strikkekonkurranse i samband med 250-årsmarkeringa for Hans Nielsen Hauge.

Vi ønskjer å få fram Hauge-sokken som eit symbol på arven etter Hans Nielsen Hauge, korleis han kombinerte «ande og hand», og som eit symbol på vår felles vandring gjennom livet som menneske. I storm og stille, i sol og regn, med uro og fred.

Det er godt kjent at Hans Nielsen Hauge strikka i fengsel og på reiser i Noreg. Sannsynlegvis strikka han sokkar som var lette å ta med, lette å strikke og dei var eit heilt naudsynt klesplagg på turane hans.

Sokkane i denne konkurransen skal kunne bli brukt av vaksne og born. Dei skal vere funksjonelle og gjerne i fleire fargar.

### Reglane

1. Alle kan delta.
2. Sokke-paret skal vere strikka i minimum 80% ull, helst garntypen «Fjell» frå Hillesvåg Ullvarefabrikk. Strikkefastheit 22/10. Garntypen «Fjell» består av 80% ull og 20% nylon, noko som gjer garnet slitesterkt og eit godt garn til bruk i sokkar.
3. Utforminga må vere ny for denne konkurransen og ein lettforståeleg oppskrift må fylgja med.
4. Innsendte sokkepar vert anonymisert og nummerert før overlevering til juryen.

5. Inntil tre vinnarar vert kåra. 1. – 3. premie får eit gavekort frå Hillesvåg Ullvarefabrikk i premie (1. premie: gavekort på kr. 3.000,-, 2. premie: gavekort på kr. 2.000,-, 3. premie: gavekort på kr. 1.000,-). Andre sokkepar som utmerkar seg, kan få heiderleg omtale.

6. Vinnarane vil bli gjort kjend under Hauge-dagane 16. – 19. september i Bergen.

7. Eit utval av sokkane vil utgjere ei utstilling som vil få sitt første stopp under Hauge-dagane.

8. Innsendte sokkar vert ikkje returnerte men gitt til eit godt formål peika ut av juryen.

9. Arrangørane vil bli eigar av alle sokkane (inkl. oppskrift) og har med dette einrett til sal og marknadsføring av premierte sokkar .

10. Arrangøren vil lage strikkepakkar av vinnar-sokken for sal, i samarbeid med Hillesvåg ullvarefabrikk .

11. Frist for innlevering: 31. juli 2021.

12. Send ferdige sokkar med oppskrift til:

Kystmuseet i Øygarden  
ved Bjørg Christophersen  
Museumsvegen 9  
5337 Rong  
*Merk sendinga: Hauge-sokken 2021.*

*Juryen er sett saman av representantar frå arrangørane.*



**Kontaktinformasjon:** Norges Husflidslag ved Hege-Therese Nilsen, husflidskonsulent i Hordaland. E-post: [hordaland@husflid.no](mailto:hordaland@husflid.no). Mobil: 992 36 034